



Svein Ove gjev jentene dei siste viktige instruksane før kampen starta (Foto: Thor Inge Døssland).

**Jentelaget til UIL i J-10-klassen har denne sesongen klart noko som korkje Rosenborg eller Brann har klart. Dei har laga mål i kvar einaste kamp!!! Om trenarane, Gørill S. Eik og Svein Ove Bråtun, har lagt ekstra vekt på angrepsfotball på treningane, veit vi ikkje. Dei har i alle fall lært jentene kor målet står.**

Laget har og andre sterke sider. Dei er ein humørfyllt gjeng som har det moro med fotballen både i kamp og på trening. Sjølv om det har blitt mål i alle kampane, har det blitt både tap, uavgjorte og vunne kampar. Alltid er stemninga god og humøret på topp. Her gjeld det; tap og vinn med same sinn!

Mandag hadde laget bortekamp mot TRIO lilla på grusbanen på Valen. Motstandarlaget bestod av gutar, og jentene hadde nok litt stor respekt for dei i første del av kampen. Etter ei god samling rundt Svein Ove i pausen, spela laget seg stort opp i 2. omgang. Siste kvarteret var eit konstant press mot TRIO-målet, og i denne perioden kom og den nydelege scoringa. Ingebjørg sende i veg ein smart duppar. Den gjekk over keeper og smaug seg inn i krysset. Stor jubel blant bortepublikumet, for som vanleg var ein god del av foreldregruppa samla på sidelinja. Sjølv om det vart tap mot dei gode TRIO-gutane, hadde jentene oppnådd det viktigaste: dei hadde scora og dei hadde hatt det gøy på banen.

Det er no 2 kampar att før sesongen er slutt.

Desse jentene har denne sesongen spela på laget: Sussanne L. Eik, Bente Halvorsen, Elisabeth Rebaudo, Victoria Eik, Kari Bråtun, Anne Marte G. Zimmer, Katrine Y. Røssland, Marthe Dagestad, Marit Inga Sture, Karoline I. Amundsen, Ingebjørg Haugland og Kaja Døssland.

Frå jentene og foreldra deira er eg beden om å få med at alle er svært takksame for den flotte jobben trenarane har gjort med laget gjennom sesongen.

Av Thor Inge Døssland



Etter ei god samling rundt Svein Ove i pausen, spela laget seg stort opp i 2. omgang (Foto: Thor Inge Døsland)..